

---

**Fra:** Else Marie Skartveit Dale <emsdale@online.no>  
**Sendt:** søndag 28. oktober 2018 20.44  
**Til:** Postmottak Radøy; Jon Askeland

Hei

Eg har eit spørsmål som eg ynskjer svar på i formannskapet 8.november.

### Dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens

Demens er ein av dei store utfordringane for folkehelse, og er ein sjukdom som i særleg grad rammar eldre menneske. Sjukdommen er ein stor utfordring for den som vert ramma, men det medfører også som regel store konsekvenser for kvardagen til dei pårørande.

Demensplan 2020 er regjeringa sin plan og tiltak for å betra det kommunale helse- og omsorgstenestetilbodet til personar med demens og deira pårørande. Eit av tiltaka i denne planen er å lovfesta kommunane si plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens, gjeldane frå 1.januar 2020.

1.januar 2020 er Radøy ein del av Alver kommune, men Radøy kommune pliktar vel å førebu seg på dei lovkrava som ein veit kjem.

Ein annan realitet er at ein stor del av Radøy sin befolkning er eldre. Me må derfor rekna med at antal eldre med demens vil vera aukande.

Kva aktivitetstilbod til heimebuande eldre med demens har Radøy kommune i dag?  
Og er dette godt nok tilbod med tanke på varsla lovkrav som kjem frå 1.januar 2020?

Dersom negativt svar på føregåande spørsmål;  
Kva planar har Radøy kommune for å førebu eit tilbod som vert innanfor lovkrava som trer i kraft 1.januar 2020?

Mh Else Marie Skarveit Dale, repr. Krf

Sendt fra Galaxy Tab.